

Farleg symbolpolitikk

Landbruket og landbrukspolitikken har av gode grunnar vori eit prioritert felt i Fjellnettverket. Kulturen, identiteten, ja sjølve eksistensen til fjellbygdene er tufta på bruk og foredling av den biologiske tilveksten på jorda, skogane, vatna og fjellet. Det vil ikkje seia at fjellbygdene ikkje kan ha og har eit breispektra næringsliv, men ulike former for landbruk – altså bruk av naturressursane – er og vil vera ein heilt vesentleg del av eksistensgrunnlaget.

Sidan den såkalla kanaliseringspolitikken frå midten av 1950-talet la til rettes for at flatbygdene og dei beste jordbruksdistrikta skulle stå for det vesentlege av korn- og grønnsaksproduksjonen, har fjell- og fjordbygdene og heile Nord-Noreg hatt til oppgåve å produsere kjøt og mjølk frå storfe, sau og geit – dyr som har den eigenskapen at dei kan gjera menneskemat av grasen som menneska ikkje kan nytte direkte.

Dette var ikkje noko nytt: utan drøvtyggjarar hadde det snautt budd folk i det norske innlandet. For ti tusen år sidan fylgde dei fyrste nordmenn den viktigaste matkjelda si, reinsdyret, nordover frå midelhavslanda etter kvart som isen bråna. Gjennom steinalderen og bronsealderen blei den økologiske nisjen gradvis utvikla frå jakt og fiske til tame husdyr, framfor alt sau og geit, og åkerbruk. Det eldste norske funnet av storfe er ca. 3 500 år gammalt. Sidan den tid har kua vori det sentrale husdyret i norsk landbruk, det økonomiske grunnlaget for gardsbruk og stølsdrift over heile landet, utgangspunktet for ein rik og omfattande materiell og immateriell folkekultur og avgjerande for å halde ved like det særprega kulturlandskapet med enger og ekrer, slåtter og beitemarker.

Og det er denne familien av drøvtyggjarar (storfe, geit og sau) som me òg i framtida må lite på, dersom det skal vera mogleg å auke produksjonen av mat på grunnlag av våre eigne arealressursar, til stadig fleire innbyggjarar.

Men grasetarane våre har lenge vori på vikande front. God økologisk tilpassing tel ikkje i konkurransen om økonomisk effektivitet og produktivitet, der dei lyse kjøtslaga (gris og fjørfe) er klare vinnarar og har teki mesteparten av auken i kjøtforbruket dei siste 20 åra. Denne utviklinga vil den grønne skattekommissjonen ha meir av, dels ved å redusere støtta til produksjonen av raudt kjøt, og dels ved å leggje ei ekstra avgift på produktet. Grunngevinga er knytt til temaet som blei diskutert i Paris førre veka, og det landbrukspolitiske poenget er vel det same som statsministeren så folkeleg uttrykte det nyleg: «Norske kuer promper for mye».

Folkeleg, kunnskapslaust og – som det ser ut – aldeles utan ei heilskapleg forståing. Framlegget går inn i ein serie med påstandar som kan likne på eit samordna åtak: ikkje nok med at storfe, sau og geit produserer meir metan per kilo kjøt enn gris og kylling, men raudt kjøt skal òg vera meir helseskadeg enn kvitt. Dersom ein hadde hatt sans for konspirasjonsteoriar, kunne ein ha vori freista til å tru at argumentasjonen var klekt ut av kommunikasjonsavdelinga i eit multinasjonalt agrobusinesskonsern. Berre for nokre år sidan, då sauene framleis var eit ålreit dyr, ville det ha vori ei formidabel oppgåve å få folk til å tru at det kjøtet mennesket er genetisk tilpassa etter mange tusen år med jakt og husdyrhald, no nærast er giftig for oss. Og endå til at det skal vera meir politisk rett å eta kjøt av kylling og gris som lever av korn og soya, potensiell menneskemat som er frakta med båt frå andre kontinent; kjøt som derfor kunne ha vori produsert kvar som helst, jamvel midt i byen, om det ikkje var for dei store mengdene med lort som må pløyast ned i åkrar.

Det er innlysande at landbruket og matproduksjonen, inkludert husdyrhaldet, må vera ein del av det som med ein floskel kåra av NRK til årets nyord blir kalla «det grønne skiftet». Føremålet med dette skiftet kan ikkje vera å fjerne alle utslepp av såkalla klimagassar, som jamt er med i den store biosfæriske balansen. Derimot er det ei presserande oppgåve å fjerne så langt som råd dei utsleppa som er årsak til at jorda blir varmare, og på sikt må samfunnet bli fossilfritt. Med andre ord: dersom metan-utslepp frå drøvtyggjarar faktisk er blant desse årsaksfaktorane, er det rimeleg å gjera noko med det.

Så då må me undersøkje skuldspørsmålet, med kua på tiltalebenken. Veit me kva den norske prompande kua har hatt å seia for den auka konsentrasjonen av klimagassar som fører til ei global oppvarming? Blir atmosfæren tilført meir metan frå storfe i dag enn lat oss seia før andre verdskrigen?

Det kan landbruksstatistikken fortelje om. Ved jordbruksteljinga i 1939 var det snaue 1,5 millionar storfe her i landet. I 2014 var det tilsvarande talet 839 448. Det er nære på ei halvering. Nedgangen blir ikkje kompensert av at kvart dyr er større i dag enn då. Talet på vinterfôra sauer gjekk frå ca. 890 000 til 756 746 i 2015, medan talet på mjølkegeit gjekk ned frå ca. 162 000 til 31 000.

Dette burde vera nok til å frikjenne drøvtyggjarane frå skuldinga om auka utslepp og stempelet som klimaverstingar. Men skuldspørsmålet er altså ikkje avgjort, og gjennom den grønne skattekommissjonen ligg det føre ein påstand om straff i form av tiltak som skal tene til å fjerne endå meir av matproduksjonen som skjer på grunnlag av gras og lauv i distrikta.

Denne produksjonen er i dei seinare åra gjort mindre lønsam, og er derfor sårbar for slike verkemiddel. I tillegg kjem verknaden av at bønder som har valt yrket sitt nettopp fordi det er miljøvenleg, samfunnsnyttig og framtidssretta, får høyre at styresmaktene og media ser på dei som eit miljøproblem. Dersom staten følgjer opp dette framlegget frå kommisjonen, vil ikkje resultatet berre bli ei visuell endring ved at endå meir av bygdene gror att med lauv og kratt. Det vil vera ei miljøpolitisk symbolhandling med utspring ei rein mistyding, som kan få fatale konsekvensar. Nettopp i ljøs av klimaskiftet kan ein slik politikk setje den norske matforsyninga i fare.

FAO meiner at den globale matproduksjonen må auke med 70 % innan 2050, for å sikre nok mat til alle. Skal vår eiga matforsyning haldast på same nivå som no, må produksjonen auke med 20 % dei neste 20 åra. Dette er gjeldande mål i Meld.St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken. FNs matvareprogram meiner at innan 2050 vil klimaendringar og upåreknelege vêrmønster drive nye 24 millionar born til kronisk svolt.

I ei framtid der jamlegare og heftigare ekstremvêr trugar matvaretryggleiken globalt og nasjonalt, kan ingen land på lenger sikt lite på å få kjøpt den maten ein ikkje produserer sjølv. Noreg er rett nok meir robust enn dei fleste andre land mot *varige* skader i form av erosjon, tørke, ørkendanning. Men fordi me gjennom lang tid har konsentrert og spesialisert matproduksjonen vår stadig meir, er òg den norske matforsyninga meir sårbar, og evna til å nytte våre eigne arealressursar er varig svekka.

Det gjeld særleg fjellregionen (som ut frå definisjonen til Østlandsforskning dekkjer 77 kommunar og 42 % av landarealet i Sør-Noreg), delar av Vestlandet og Nord-Noreg. Der har det tradisjonelle landbruket lenge vori på veg ut. Infrastrukturen – gardsbruka med bygningar og reiskap – forvitrar, og den lokale kunnskapstradisjonen som er utvikla og vidareført gjennom tusen generasjonars naturbruk blir kutta av. Sjølve naturressursen blir ringare i det me går inn i ei framtid som kanskje meir enn nokon gong vil ha bruk for det frodige og produktive grasarealet vårt.

Den grønne skattekommissjonen går feil veg. Me treng insitament for å *auke* grovfôrproduksjonen og beitebruken, ikkje midlar for å avvikle han. Me har for få gardsbruk, ikkje for mange. Dette er ikkje næringspolitikk - det må gå opp for styresmaktene at landbrukspolitikken er like lite til for bøndene

som skulepolitikken er til for lærarane. Her gjeld det å sikre maten vår i ei framtid som ikkje lenger er fjern.

Det er på høg tid at det blir gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse av norsk matforsyning i eit klima- og miljøperspektiv.